

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/8419-8

Internt l.nr. 3662/21

Sak: 6/21

Tittel: Saksprotokoll - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for bruk av anneks som sjølvstendig brukseining på g/bnr. 19/184

Handsaming:

Habilitet:

Stig Ølmheim bad om at utvalet vurdere hans habilitet då han er hytteeigar i same felt.

Plan og forvaltningsutvalet fann Stig Ove Ølmheim habil, samrøystes.

Endringsframlegg:

Ivar Slinde (Sp) og Jan Arild Rømmen (V) la fram forslag om at punkt 2. i framlegget går ut.

Stig Ove Ølmheim (Ap) la fram forslag om å utsetje saka til neste møte.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 2 røyster frå Ap (1) og H (1), og framlegget vart forkasta.

Innstillinga frå rådmannen frå rådmann vart røysta over punktvis.

Punkt 1. samrøystes vedtek.

Punkt 2 . Framlegget frå Senterpartiet og Venstre fekk 9 røyster.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Søknad om dispensasjon frå reguleringsføreseggen § 3.4.1. slik at anneks kan nyttast som ei sjølvstendig brukseining blir avslått. Avslaget er heimla i pbl. § 19-2 og grunngjeve med at føremålet med føreseigna blir vesentleg sett til sides og at ein dispensasjon vil medføre presedens for heile hytteområdet i Hodlekve.